

Meland Kommune  
Postboks 79

5906 FREKHAUG

Sakshandsamar: Hanne Marie Utvær  
Telefon: 91102779  
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region  
Vest  
Vår referanse: 16/13955  
Dykkar referanse: 16/4778  
Vår dato: 28.10.2016  
Dykkar dato: 21.10.2016

Att: Kristin Nåndal

## UTTALE TIL HØYRING AV KOMMUNAL PLANSTRATEGI - MELAND KOMMUNE

Vi viser til dykkar brev av 21.10.2016 med høyring av framlegg til kommunal planstrategi for Meland kommune for perioden 2016 – 2020.

### **Fiskeridirektoratet region Vest sitt ansvarsområde**

Fiskeristyresmaktene er ansvarlig for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet region Vest skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.

### **Våre merknader**

#### Havbruk

Havbruksnæringa i kommunen bør få ei kort omtale i kap 4.8. *Verdiskaping og næringsutvikling*. I dag er det to matfiskanlegg i sjø i kommunen, som tilsaman kan ha opptil 3900 tonn biomasse, altså fisk, i sine anlegg og eit settefiskanlegg på land, med kapasitet til å produsere 11,5 mill. stykk sjøklar smolt av laks, aure og regnbogeaure.

Det er positivt at de har teke med planbehov for nye storkommunen, der Landbruks- og akvakulturplan for kommunen er teke med som ein av fire planar som bør prioriterast.

Blant prioriterte planoppgåver har de lagt inn kommuneplan, arealdelen, med oppstart; «*rullering av tema havbruksrelaterte næringar som akvakultur og oppdrett*» Her må gjerne kommunen berre bruke eitt av dei tre omgrepa havbruk, akvakultur eller oppdrett. Sidan omgrepet havbruk er nytta tidlegare i dokumentet, er det greitt å nytta dette omgrepet i heile dokumentet.

Vi ser positivt på at kommunen ynskjer å prioritere revisjon av den delen av arealdelen som er knytt til havbruk og vi renar med at det her gjeld arealbruk knytt til bruk av både sjø og land. Tilgang på tilstrekkelig og egna areal er blant føresetnadene for å oppretthalde berekraftig utvikling og drift av havbruksnæringa. Elles forventar vi at kommunen legg opp til ein tett dialog med næringa gjennom planprosessen med utgangspunkt i kva muligheiter for utvikling dei ser for seg og kva trong til dei har i til arealbruk.

#### Fiskeri og marint biologisk mangfald

Fiskeridirektoratet region Vest vil i kommunale planprosessar legge vekt på fiskeriinteresser som vert rekna å vere av nasjonal og regional verdi. Høyring av lokale og regionale fiskeriinteresser inngår i planprosessen. I Meland kommune er det både viktige rekefelt, låssettingsplassar og gytefelt som må takast omsyn til ved ein revisjon av arealdelen av kommuneplanen i sjø/ for havbruksnæringa. Det finns fleire registreringar av viktige marine naturtypar i kommunen som må takast vare på av omsyn til marint biologiske mangfald og dei marine ressursane.

Kommunen må vere merksam på at eventuelle endringar av akvakulturområde må vurderast mot kva fiskeriinteresser og marine ressursområde som finst i sjøområda.

#### Generelt

Fiskeridirektoratet region Vest meiner planstrategien gjev ei god oversikt over kva som er Meland kommune sitt planbehov og kva planarbeid kommunen vil prioritere i perioden 2016– 2020.

Vi er førebudde på å medverke i den planlagde revisjonen av arealdel for sjø/ havbruk, men ventar med vidare innspel inntil kommunen sender ut oppstartmeldinga for revisjon av deler av arealplanen.

Vi vonar de vil ta våre innspel med i det vidare arbeidet med planstrategi for Meland kommune og set pris på at de sender oss endeleg vedteken planstrategi. For spørsmål kring våre innspel, kan de ta kontakt med sakshandsamar.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Hanne Marie Utvær  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Meland Kommune

Postboks 79

5906

FREKHAUG